

Utviklingsplan 2020-2021

Skule: Rosseland



Time kommune sin visjon er: «Trygg og framtidsretta.»

På Rosseland skule vil me arbeida mot denne visjonen gjennom følgjande ordlyd:

”Omsorg, ansvar, læring - lyst på livet og evne til å meistra det!”

PEDAGOGISK GRUNNSYN

Alle barn er unike og blir møtt med likeverd, respekt og positive forventningar

Elevsynet vårt:

- *Alle er gode til noko*
- *Alle kan læra og utvikla seg – fagleg, kreativt og sosialt*
- *Alle kan bidra til eit positivt fellesskap*
- *Alle skal ha tru på seg sjølv*
- *Alle blir sett, høyrde og tatt på alvor*

Læringssynet vårt:

- *Eleven opplever meistring og utfordring – kvar dag*
- *Me tar utgangspunkt i det eleven kan*
- *Me nyttar varierte metodar*
- *Me gir rom for at eleven kan utfalda og utvikla seg på alle område – teoretisk, praktisk, fysisk, sosialt og kreativt*

Dette grunnsynet er arbeidd fram i personalgruppa for nokre år sidan, men er revidert og «revitalisert» våren 2014. Dette vil me stå for – saman!



Innhald**Side**

Innleiing	4
1. Heilskapleg status, læringsresultat og læringsmiljø	7
1.1 Analyse læringsresultat	7
1.2 Analyse læringsmiljø	11
2. Prioriterte utviklingsområde 2020-21	13
3. Beskriving av mål og tiltak	14
4. Frå utviklingsarbeid til drift	16





Innleiing - Føringer for arbeidet med «Utviklingsplanen 2020-21»

I grunnlagsdokumentet for «Kvalitetssystem for utvikling i Jærskulen» heiter det:

Skulen sin eigen utviklingsplan er saman med plan over skulen si pedagogiske utviklingstid dei konkrete dokumenta som skulane arbeider med til dagleg.

Utviklingsplanen vert revidert kvart skuleår, sjølv om måla kan vera meir langsiktige. Utviklingsplanen er eit dynamisk dokument som vert endra gjennom skuleåret dersom undervegs vurdering syner at det er naudsynt.

Overordna mål for utvikling i Jærskulen :

Departementet har fastsett følgjande tre sektormål for grunnopplæringa. Sektormåla oppsummerer sentrale element både i formålsparagrafen og læreplanverket.

- *Elevene skal ha et godt og inkluderende læringsmiljø*
- *Elevene skal mestre grunnleggende ferdigheter og ha god faglig kompetanse*
- *Flere elever og læringer skal gjennomføre videregående opplæring*

1. Læreplanverket:

Overordna del av læreplanverket er grunnlaget for skulen sitt samfunnsoppdrag og er tufta på formålsparagrafen i opplæringslova.

Overordnet del Formålet med opplæringen:



2. Jærskulen sine mål for skulen:

- Jærskulen har eit godt læringsmiljø med god kultur for læring
- Jærskulen har eit godt læringsutbytte
- Jærskulen tiltrekker seg kompetente lærarar, skuleleiarar og stimulerer til vidare skuleutvikling
- Jærskulen har skuleeigarar som tek ansvar for mandatet
- Jærskulen gjev positive assosiasjonar

3. Kommunale mål for skulen

Kommunen har strategiar og planar med mål som er førande for skulane sitt utviklingsarbeid

Kommunalt er utviklingsplanen forankra opp mot «Strategiplan for oppvekst i Time kommune 2016-2022».

I denne planen er det 5 sentrale satsingsområde:

1. Oppvekst i utvikling
2. Fleirkulturelt samfunn
3. Tidleg innsats
4. Oppvekst i informasjonssamfunnet
5. Organisasjon og leiing

Utviklingsplanen er eit viktig dokument i skulen sitt arbeid med kontinuerleg utvikling i samsvar med «Strategiplanen for oppvekst». For Rosseland skule er det naturleg å utvikla planen i eit langsiktig perspektiv, ettersom forskning viser at det tek 5-7 år frå initiering til institusjonalisering av eit utviklingsområde.

På Rosseland skule arbeider me kollektivt med utviklingsområdet på ulike måtar:

- Les teori om aktuelle problemstillingar
- Drøftar det me har lese i grupper med ulik samansetning; trinn, team, blanda på tvers av trinn eller fag
- Reflekterer rundt ulike pedagogiske og praktiske problemstillingar m.a. ved bruk av Thomas Nordahl sin modell for pedagogisk analyse
- Planlegg og prøver ut undervisningsopplegg og metodar i klasserommet, eller på andre læringsarenaer
- Deler erfaringar med kvarandre
- Har jamlege trinnsamtalar og teamsamtalar med fokus på «Framgang i læring for kvar elev.»
- Leiarvandring med refleksjon på trinnet i etterkant
- Utviklingarbeid saman Jærskulenettverk 1, som er nytt frå hausten 2020. I dette nettverket er følgjande skular med: Motland skule (Hå), Kleppe skule (Klepp), Solås skole (Gjesdal), Undheim skule (Time) og Rosseland skule (Time). Fokusområde for nettverket i 2020-21 er Fagfornyinga i LK-20



Kvalitetshjulet ovanfor illustrerer korleis arbeidet med kvalitet er ein kontinuerleg prosess (www.udir.no)

Modell for skuleutvikling i Jærskulen

Visjon	Organisasjon	Leing	Profesjons- utvikling	Leia elevane si læring og utvikling	Eleven si læring og utvikling
Etablera mål og forventningar (skal handla direkte om eleven si læring og utvikling)	Strategisk bruk av ressursar Rekruttering Felles reglar, rutinar og standardar Samarbeid med andre Analyse/ sjølv- evaluering	Leia læraranes si læring og utvikling Forsikra seg om kvaliteten på undervisninga som vert gitt. Sikra eit velordna og trygt læringsmiljø	Kollektiv Individuell	Bruka eleven sine forkunnskapar Utfordra kvar enkelt elev Strukturera innhaldet La eleven medverka Skapa gode relasjonar Leia klassen autoritativt	Framgang i læring for den enkelte elev 

1. Heilskapleg status og analyse

I denne delen presenterer me eit utval av resultat for skuleåret 2019-20, samanlikna med tidlegare år som grunnlag for vår analyse for det vidare utviklingsarbeidet.

1.1 Læringsresultat

På barnetrinnet er det få indikatorar for læringsresultat, men me har vald å ta med resultat frå nasjonale prøvar på 5. og 8.trinn. Det er viktig å understreka at me her samanliknar resultat frå ulike elevkull, og at me difor må sjå på tendensar som går igjen over tid.

Det som går igjen over tid, er at elevane på Rosseland scorer betre i rekning og engelsk enn i **lesing**. Dette er ei utfordring som går igjen i heile kommunen, og me ser lesing som den viktigaste kompetansen elevane våre må få framgang i. Lesing heng nøye saman med skriving, og me vel å sjå dette under eitt. På engelsk brukar ein ofte uttrykket «Literacy skills» for å beskriva denne grunnleggjande kompetansen.

Tala viser og at det er stor variasjon i resultata frå år til år, og det er til ei viss grad naturleg, fordi det alltid vil vera variasjon i elevkulla. Me tykkjer likevel at variasjonen frå år til år er for stor. Me var skuffa over resultatet i 2018-19, der opp mot 30% var på nivå 1 i lesing. Ekstra skuffande var det sidan me har over tid har arbeidd grundig og målretta for å få ned dette talet. Resultatet for 2019-20 er svært oppløftande med tanke på dette!


På 5.trinn blir elevane klassifisert i 3 ulike meistringsnivå der 3 er det høgste nivået. Den nasjonale prøva på 5.trinn måler det elevane har jobba med på 1.-4.trinn.

Skulen har jamt over hatt for mange elevar på nivå 1, og for få på nivå 3. Me ser ei gledeleg utvikling når det gjeld nivå 1 dette året. Fokuset framover må vera å redusera dette talet ytterlegare, samt å løfte nokre fleire til nivå 3. Dette ligg klart formulert i utviklingsområdet vårt, som er «Framgang for kvar enkelt elev». I rekning ser me at talet på elevar på nivå 3 er stabilt høgt over tid.

Resultat over tid:


Tala er henta frå «Skoleporten»

NP Lesing 5.trinn




Rosseland skule, Grunnskole, Nasjonale prøver 5. trinn, Offentlig, Trinn 5, Begge kjønn

NP Rekning 5.trinn



Rosseland skule, Grunnskole, Nasjonale prøver 5. trinn, Offentlig, Trinn 5, Begge kjønn

NP Engelsk 5.trinn




På 8.trinn blir elevane klassifiserte på 5 nivå, der 1 er det lågaste. Den nasjonale prøva på 8.trinn måler det elevane har jobba med på 5.-7.trinn. Det har over tid vore ein tendens at elevane presterer betre på prøva på 8.trinn enn på 5.trinn, og det viser at resultata blir brukt for at elevane skal oppleve framgang.

NP Lesing 8.trinn 2017-18 (5.trinn 2014-15)

Avgitte elevers mestringsnivå i prosent

[Skriv ut](#)

[Eksporter til Excel](#)




NP Lesing 8.trinn 2018-19 (5.trinn 2015-16)


Avgitte elevers mestringsnivå i prosent

[Skriv ut](#)

[Eksporter til Excel](#)



NP Lesing 8.trinn 2019-20 (5.trinn 2016-17)



Resultata i lesing på 8.trinn viser for dei tre siste åra at utviklinga frå 5.trinn til 8.trinn er veldig god for våre elevar, men med ein «dupp» 2019-20. (Avgitte elevar i tabellen).

Likevel betyr tala at skulen arbeider godt med oppfølgingsarbeidet etter dei nasjonale prøvane på 5.trinn, og me vil og hevda at det er godt og systematisk arbeid gjennom 7 år som gjer gode resultat på 8.trinn. Me vil halda fram med arbeidet med å løfta kvar enkelt elev, og er svært spende på tala for 2020-21

I løpet av skuleåra 2018-19 og 2019-20 har me utvikla ein eigen plan for lesing og skriving, og byrjar no å ta denne i bruk. Me håpar og trur at denne vil løfta resultata i lesing på nasjonale prøvar både på 5. og 8.trinn over tid.

1.2 Læringsmiljø

Elevane våre på 5.-7.trinn svarer kvart år på «**Elevundersøkinga**» som er eit elektronisk kartleggingsverktøy skulane brukar. Undersøkinga er obligatorisk for alle elevar på 7.trinn på landsbasis, og 6.-7.trinn i Jærskulen.

Skalaen på Elevundersøkinga går frå 1-5, der 5 er beste resultat.

Her er våre resultat for 7.trinn over tid:

Indikator og nøkkeltall	2014-15	2015-16	2016-17	2017-18	2018-19	2019-20
Trivsel	4,4	4,4	4,2	4,2	4,1	4,3
Støtte fra lærerne	4,0	4,5	4,4	4,3	4,3	4,4
Støtte hjemmefra	4,4	4,6	4,3	4,2	4,2	4,3
Faglig utfordring	3,9	4,1	4,0	4,0	4,0	3,9
Vurdering for læring	3,5	4,0	3,8	3,7	3,8	3,6
Læringskultur	3,7	4,2	4,2	3,9	4,0	4,2
Mestring	4,0	4,0	4,0	4,0	3,9	4,0
Motivasjon	3,7	3,8	3,8	3,6	3,6	3,7
Elevdemokrati og medvirkning	3,2	3,9	3,9	3,5	3,8	3,7
Felles regler	4,1	4,4	4,3	4,2	4,2	4,4

Elevane gir gode tilbakemeldingar på dei fleste områda i undersøkinga. Me ligg på landssnittet på dei fleste indikatorane, men det har vore ein synkende tendens på nokre indikoatorar . Me har vald gjera tiltak i forhold til **Motivasjon**, der me har ein synkende tendens over tid, og der me ligg under snittet for både kommunen og landet. Me vel å sjå dette saman med indikatoren for **Mestring**, og legg desse felte inn som Utviklingsområde frå 2019-20, og vidarefører dette i 2020-21. Tendensen er lik om me ser på dei same to indikatorane for 5.-6.trinn.

Motivasjon og meistring avgjerande for både læringsutbytte og læringsmiljø.



Skulen gjennomfører kvart vår **Olweus-undersøkinga** på 4.-7.trinn, som har fokus på det psykososiale miljøet for elevane, med eit spesielt fokus på mobbing. Hovudresultatet blir gitt i forhold til følgjande formulering:

«Elevar som oppgir at dei er blitt mobba 2-3 gonger pr.månad eller oftare»

Her er ei oversikt over resultata over tid:

2014	4,7 %
2015	5,1 %
2016	6,7 %
2017	7,6 %
2018	6,5 %
2019	5,6 %

Ein elev som blir mobba, er ein for mykje. Heile personalet har difor kontinuerleg fokus på antimobbearbeid. Skulen er sertifisert som Olweus-skule. Dette inneber at me har ein kvalitetsplan mot mobbing, som blir revidert kvart år – og eit system som sikrar at elevane sitt skulemiljø står jamleg på timeplanen både for elevar og personalet. Det er difor gledeleg at me har nedgang i tala våre for mobbing i 2019.

2. Prioriterte utviklingsområde:

Arbeidet med utforminga av utviklingsplanen er basert på evalueringane og drøftingane me har hatt i personalet, og analysane knytt til læringsmiljø og læringsresultat for elevane.

I august 2020 skal ein ny læreplan innførast. Denne skal me bruka mykje tid på å bli kjend med, og gradvis å setja planen ut i livet. I 2019 arbeidde me med den overordna delen av planen, og har brukt Udir sitt støttemateriell i dette arbeidet. Me har særleg arbeidd med verdigrunnlaget i planen, og har lese og reflektert rundt kva det nye kompetansebegrepet inneber. Dybdelæring er vektlagt i planen, og me har forsøkt å finna ut av korleis me skal forstå samanhengen mellom kompetansebegrepet og dybdelæring. På same måte har me arbeidd med å utvikla planar for det tre tverrfaglege temaa i planen; Demokrati og medborgerskap, Folkehelse og Livsmestring og Bærekraftig utvikling

I 2020 vil arbeidet med faga koma i fokus, der me har utfordra oss sjølve til å ta varierte arbeidsmetodar og læringsarenaer i bruk. LK-20 handlar i stor grad om å gjera ting, om å løysa utfordringar saman med andre, og erfara og reflektera rundt ulike problemstillingar.

Erfaringane våre i arbeidet med utviklingsplanar, er at det er avgjerande å spissa planane mest mogleg. Både for å kunna følgja opp og for å kunna evaluera på ein god måte. Dette har ført til at me no berre har **eit** utviklingsområde:

"Framgang i læring for kvar elev".

Dette står på to «bein», der det eine er knytt til motivasjon, og det andre til meistring.

3. Beskriving av mål og tiltak

Utviklingsområde Rosseland skule – 2020-21

Utviklingsområde: «Framgang i læring for kvar enkelt elev»

Resultatmål	Delmål	Tiltak	Evaluerings	Suksess-kriterium
Motivasjonen til elevane skal aukast gjennom variasjon i undervisninga, og gjennom praktiske og fysiske utfordringar ved bruk av nærmiljøet. Dette skal visa igjen på indikatorane for motivasjon på «Elevundersøkinga» på 5.-7.trinn.	Elevane skal få oppleve og utforska naturen og nærmiljøet gjennom ulike årstider og i all slags ver. Det skal leggjast vekt på å gjennomføra praktiske oppgåver som skal løysast i lag	Uteskule som metode og arena for læring blir gjennomført systematisk på alle trinn, minst kvar 14.dag Kvart trinn utviklar eit uteskuleopplegg for sine elevar. Opplegga kan gjennomførast klassevis, eller to klassar saman.	Mai 2021	God planlegging, og varierte aktivitetar som skapar meistringskjensle hos elevane. Faga kjem tydeleg fram i aktivitetane, slik at me når kompetansemåla.
		Gode nettsider med tips for uteskule: (Del gjerne fleire med kvarandre.) https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/sikkerhet-og-beredskap/informasjon-om-koronaviruset/uteskole/ https://www.mattelist.no/ https://norskfriluftsliv.no/syv-tips-til-uteskole-denne-varen/ https://undervisningstips.com/category/uteskole/		

Resultatmål	Delmål	Tiltak	Evaluering	Suksess-kriterium
Elevane skal oppleve meistring i skulekvardagen – og få utfordringar som fremjar danning og lærelyst. Dette skal visa igjen på indikatorane for meistring på «Elevundersøkinga» på 5.-7.trinn. Kartlegginga i kvar klasse er ein viktig indikator for korleis den enkelte elev opplever det daglege arbeidet i klassen.	Gjennom deltaking i «Inkluderande barnehage- og skulemiljø» (IBS) skal me ha fokus på....	Utarbeiding av tiltak gjennom refleksjonar og drøftingar i kollegiet våren 2021	Spørjeunder søking blant elevane etter gjennomført Lærarane på 4.trinn evaluerer saman med «Laget...»	
	Elevstemmen skal bli høyrte og tatt på alvor. Drøfting i personalet om korleis me kan få dette til. «Laget rundt læraren» er utvida med fysioterapeut, og går i gang med tiltak på «grønt»	På 4.trinn blir det sett i gang eit opplegg rundt «Oppmerksomt nærvær», der elevar og lærarar lærer dette saman. Helsesjukepleiar og fysioterapeut er ansvarlege for gjennomføringa av opplegget. Oppstart veke 39. Om opplegget fungerer godt, vil det bli vidareført for 5.trinn våren 2021		

Me bruka kommunen sin innovasjonsstrategi, **BLT** som metode for arbeidet:

Behovet - er definert som eit felles ønskje om å gjera elevane meir motiverte og at dei skal kjenna meistring i skulekvardagen. Me vel å konkretisera dette gjennom arbeidet med meir systematisk bruk av uteskule som læringsarena.

Løysinga – saman med tilsette, elevar, og foreldre vil utvikla planar for korleis me best kan lukkast med dette.

Test – ulike praktiske opplegg og alternative arenaer for læring vil bli testa ut – og evaluerte.

4. Frå utviklingsarbeid til drift

Vurdering for læring (VFL) – beskriving av kvalitet

Personalet utarbeidde i perioden 2014-2016 ei kvalitetsbeskriving i 4 nivå på utviklingsområdet «Vurdering for læring». Målet med dette var å prøva å laga oss eit «måleinstrument» for arbeidet med eit utviklingsområde, for å skaffa oss eit best mogleg kvalifisert grunnlag for å avgjera når eit utviklingsområde kan gå over til ordinær drift. I alt for mange tilfelle har dette skjedd for tidleg, fordi området endå ikkje er blitt institusjonalisert.

Elevundersøkinga viser at elevane opplever at det er mindre fokus på vurdering for læring no enn tidlegare. Dette er eit viktig signal å ta, og sjå på korleis me kan gjennomføra den ønska standarden me sjølv har laga i kvalitetsbeskrivinga under:

Leiinga legg systematisk til rette for erfaringsdeling og refleksjon om VFL i PU-tida. Det er vanleg å snakka om VFL på arbeidsrommet og i klassane, og lærarane reflekterer ofte over eigen praksis. Det er naturleg å dela god praksis.

Personalet ser vurdering som ein del av undervisninga. Det er tydelege og konkrete mål for læringsøktene. Måla er delte med elevane, og læraren let elevane reflektera over måla. Læraren brukar dei verba som står i K-06. Elevane skal ikkje berre læra, eller kunna – dei skal òg drøfta, diskutera, reflektera, samanlikna m.m. Det blir ofte utarbeidd klare kriterium for måloppnåing, og elevane er i stor grad med og utarbeider kriteria.

Alle trinn og klassar bruker «læreven» dagleg, og ein skiftar læreven kvar/annakvar veke, slik at **alle** kan vera lærevenar med kvarandre. Det styrker det sosiale fellesskapet i klassen, og gir eit betre læringsmiljø. Lærevenene diskuterer og reflekterer saman om gitte problemstillingar, og hjelper kvarandre. Læraren er bevisst på å stilla spørsmål som utfordrar elevane til å diskutera og reflektera, og bruker ulike metodar for å sikra at alle får svara (t.d. ispinnar, fotballkort).

Læraren har fokus på å skapa gode læringssamtalar individuelt/ i gruppe/ i klassen jamleg. Det er sett av tid til planlagde elevsamtalar.

Alle elevar får vita kva dei har fått til, og får råd om korleis dei kan utvikla seg vidare. Elevane nyttar tilbakemeldingane og framovermeldingane på ein måte som betrar dei faglege prestasjonane deira. Elevane blir gradvis lærte opp til å setja seg eigne mål, og får trening i å finna bevis for læring i eige arbeid. Eigavurdering og kameratvurdering blir nytta gradvis aukande oppover i trinna, mest på for å bevisstgjera elevane på eiga læring. Elevane blir trena til å stilla seg desse 3 spørsmåla, og gjer seg aktivt nytte av dei i eige læringsarbeid: Kva kan eg? Kva er neste steg? Korleis skal eg få det til?

Elevane svarar på grønt nivå på elevundersøkinga på 5.-7.trinn

Lærarane analyserer undervegsvurderingane for å regulera den vidare undervisninga. Den «omvende planlegginga», der vurderingsforma bestemmer læringsløpet, er innarbeidd som prinsipp.

Me brukar digitale verktøy i den grad det er føremålstenleg i forhold til kartlegging og dokumentasjon. Me brukar «Conexus Engage» som verktøy for registrering, for analyse av resultat, og som grunnlag for å planleggja «neste steg».

3 dimensjonar i oppbygginga av beskrivinga av kvalitet

- **Kva må gjerast på organisasjonsnivå, som leiinga har ansvaret for.**
- **Kva må lærarane saman og enkeltvis gjera?**
- **Kva ser elevane av dette, på kva måte er undervisninga prega av dette?**

Lesing og skrivning

Me har gjennom mange år arbeidd mykje med å betra elevane sin lese- og skrivekompetanse. «Lese- og skriveplan for Rosseland skule» oppsummerer dette arbeidet, og legg føringar på korleis me vil arbeida med lesing og skrivning på dei ulike trinna. Planen blir tatt no tatt i bruk må evaluerast i mai/juni 2021, og ev.reviderast om det skulle vera behov for det.



